

Emnerapport for FRAN 302 –
Grammatikk, omsetjing og middelalderfransk
Vår 2014

Studienivå: Master

Undervisningsspråk: Fransk

Mål og innhald

Emnet inneheld følgjande komponentar:

- Fransk grammatikk
- Omsetjing norsk-fransk / fransk-norsk
- Litteratur

Arbeidet med omsetjing og grammatikk skal gje studentane større innsikt og dugleik i moderne fransk språk.

Studiet av litteratur (5 verk, av desse 2 skrivne før 1600) skal gi studentane kjennskap til både eldre og nyare fransk litteratur.

Læringsutbyte/resultat

Etter fullført emne skal studenten ha kjennskap til moderne tilnæringsmåtar innan fransk grammatikk, og dei skal ha lese 5 litterære verk (evt. i utdrag), av dei minst 2 frå tida før 1600, og kunna bruka moderne litterære og/eller språklege analysemetodar i arbeidet med verka.

Dei skal vidare ha innsikt i kontrastive problemstillingar i omsetjing mellom norsk og fransk.

Studentane skal vera i stand til å gjera greie for hovuddraga i moderne fransk grammatikk. Dei skal kunna omsetja, frå fransk til norsk og frå norsk til fransk, autentiske tekstar innan ulike sjangrar.

Studentane vil etter fullført emne ha eit grunnlag for å halda fram med forskingsverksemd innan moderne fransk grammatikk og litteraturvitskap.

Pensum

Grammatikk:

1. Extraits de Riegel, Pellat, Rioul: *Grammaire méthodique du français* :

Introduction pp. 1-47

L'oral et l'écrit pp. 51-71

La phrase et son architecture pp. 201-268

Le groupe verbal: le verbe et ses constructions pp. 389-433

2. Article de Laurence Danlos: «Les phrases à verbe support être *Prép*

http://www.persee.fr/web/revues/home/prescript/article/lqge_0458-726x_1988_num_23_90_1989

pp. 23-37

Litteratur:

Montaigne, *Essais*, Livre premier

Rousseau, *Les Rêveries du promeneur solitaire*

Daniel Lacroix et Philippe Walter (éd.) *Tristan et Iseut*

Marie Ndiaye, *Trois femmes puissantes*

Studenttal: 5 studentar gjekk opp til eksamen.

Undervisning

Det blei gitt undervisning i dei tre deldisiplinane grammatikk, omsetjing og litteratur. Omsetjingstimane var fordelte på 5 forelesingar (= 10 timar) norsk-fransk og 5 forelesingar (= 10 timar) fransk-norsk. Undervisningstimetalet dette semesteret er litt mindre enn det som har vore vanleg tidlegare, pga. ressursmangel.

Grammatikk:

Pensum var fordelt på utdrag frå lærebok og éin artikkel. Det var stort sett godt frammøte på forelesingane og til dels livlig diskusjon. På enkelte punkt går læreboka svært mykje i detalj, og det kan vera lett å fortapa seg i detaljane. På forelesingane vart det derfor fokusert på heilskap og dei store linene. Det generelle inntrykket forelesaren har, er at dette studentkullet er svært sterke i munnleg fransk, men kanskje ikkje fullt så gode når det gjeld skriftleg framstilling og praktisk fransk språkbruk. Ei av forelesingane blei brukt til eksamenstrening i form av ein *examen blanc*. Det var eit tilbod som dei fleste studentane benytta seg av. Det er likevel grunn til å tru at det vil vera fornuftig å gi høve til ennå meir trening i skriftleg framstilling på fransk, t.d. i form av øvingsoppgåver i løpet av semesteret. Studentane syntes artikkelen var ein god del vanskelegare enn stoffet frå læreboka.

Omsetjing:

Det ble gjennomført fem forelesninger i oversettelse fransk-norsk. Mitt inntrykk er at dette er tilstrekkelig, men jeg mener at seks forelesninger hadde vøt det ideelle for å gi studentene anledning til å jobbe mer med oversettelse.

Studentene fikk mulighet til å levere oversettelser til hver time, i tillegg til den obligatoriske oppgaven. De fleste studentene leverte minst tre oversettelser. I tråd med innspill fra oversettelseskomiteén jobbet vi med ulike tekstsjangrer, både presstekster, sakprosa og skjønnlitterære tekster. Det ble ikke lagt opp noe oversettelsesteoretisk stoff, men vi gikk gjennom ulike faktorer som spiller inn i oversettelsen (syntaks, pragmatiske og sjangermessige faktorer). I tillegg diskuterte vi en del rundt studentenes øsnek om å kommentere sine egne valg på eksamen. Dette ble det anledning til, men langt fra alle studentene benyttet muligheten, eller de argumenterte for valgene sine på en lite konstruktiv måte. Dette kan skyldes flere faktorer. En av dem er nok at jeg som foreleser ikke jobbet med dette underveis, fordi jeg ikke visste at eksamen fra og med våren 2014 ville åpne for denne muligheten.

Litteratur:

Jeg har ikke mye å si siden vårsemesteret særlig før påske var skrekkelig hektisk for meg i år, og jeg derfor ikke fikk reflektert noe omkring det nye emnet utover å gjennomføre min egen lille bit av undervisningen.

Jeg gjennomgikk ett litterært verk som en del av litteraturdelen av emnet FRAN302 våren 2014. Verket var Tristan et Iseut, dvs de viktigste eksisterende fragmentene av originaltekstene fra middelalderen (Bérout og Thomas), oversatt til moderne fransk. Jeg brukte to dobbeltforelesninger til gjennomgang av verket.

Undervisningen gikk fint, og virket som den ble godt mottatt, men samtidig hengende litt i løse luften, kanskje? Dette pga både oppstykket timeplan, og manglende sammenheng i det litterære pensumet, der de ulike enkeltverkene ikke inngår i noen form for åpenbar helhet. Jeg forsøkte imidlertid å understreke den vesentlige betydningen Tristan et Iseut har hatt for utviklingen av fransk litteratur, og håper det bidro til å begrunne motivasjonen bak valget av verket.

Vurderingsformer:

Eksamen er tredelt:

- 1) Ei skriftleg prøve i grammatikk (tre timar)
- 2) Ei skriftleg prøve i omsetjing (tre timar)

På skriftleg eksamen kan ein nytta eittspråkleg (fransk-fransk og eventuelt norsk-norsk) ordbok godkjend av instituttet.

- 3) Ei munnleg prøve i litteratur.

Det blir gjeve karakter A-F på dei tre prøvene, og kvar del tel 1/3 av samla karakter.

Det er høve til å ta med seg ein deleksamen i inntil to semester etter at deleksamenen er greidd.

Samla vurdering frå emneansvarleg, med eventuelle forslag til endringar:

Emnet FRAN302 er svært heterogent med deldisiplinane grammatikk, omsetjing og litteratur. Etter eit semester med eit opplegg i grammatikk der heile pensumet var henta frå læreboka *Grammaire méthodique du français* gjekk vi i år tilbake til ein kombinasjon med ein artikkel om eit grammatisk emne i tillegg til eit pensum frå læreboka.

Omsetjingsdelen av emnet vart i år gjennomført i tråd med dei retningslinene som *Omsetjingskomiteen* har tilrådd, med bl.a. lengre eksamenstid.

Etter ein lang periode med middelalderfransk som ein viktig ingrediens i emneporteføljen vart det frå i år av innført litteratur som tredje deldisiplin. Det var to faste forelesarar i denne deldisiplinen, pluss ein gjesteforelesar frå Québec. Det kan vera grunn til å sjå nærare på spørsmålet om korleis vi skal byggja bru mellom dei tre deldisiplinane.

Emnerapport for FRAN 303 –
Språkleg særøme, skriftleg
Haust 2014

Studienivå: Master

Undervisningsspråk: Fransk

Mål og innhald

Målet med emnet er ei fordjuping i ei språkleg problemstilling. Den språklege problemstillinga kan vera henta t.d. frå fransk fonologi, syntaks, semantikk, leksikologi, tekstlingvistikk eller sosiolingvistikk.

Læringsutbyte/resultat

Etter fullført språkleg emne skal studenten ha god innsikt i teoretisk basis og metodiske innfallsvinklar for det feltet som er blitt gjennomgått, og kjennskap til nyare forskning innan dette feltet. Etter fullført litterært emne skal studenten ha god innsikt i problemstillingar knytte til litteratur og litteraturteori som er blitt gjennomgatte, og kjennskap til nyare forskning innan det aktuelle feltet.

Etter fullført emne skal studenten vera i stand til å gje undervisning og drive forskning og anna fagleg utviklingsarbeid som gjeld temaet emnet omhandlar.

Ved fullført emne skal studenten ha overblikk over det temaet som er gjennomgått, slik at han/ho kan representera fagfeltet i tverrfaglege og internasjonale samanhengar.

Studenten skal kunna planleggja og gjennomføra arbeidsoppgåver som strekkjer seg over ei viss tid.

Han/ho skal sjølvstendig kunna halda fram med eiga kompetanseutvikling og spesialisering.

Pensum

Béatrice Lamiroy (coordinatrice) : *Les expressions verbales de la francophonie. Belgique, France, Québec et Suisse.* Ophrys.

Studenttal: Det var éin student på dette emnet hausten 2014. Emnet hadde felles undervisning og pensum med FRAN304, som hadde fire studentar, slik at det var fem studentar i alt som følgde den felles undervisninga.

Undervisning

Det vart gitt forelesingar med éin dobbelttime kvar veke. Hovudkapitla i læreboka (Le figement, La variation géographique, La syntaxe og La Sémantique) vart gjennomgått i

same rekkefølge som i boka. Størst vekt vart lagt på syntaks. Ettersom éin av studentane var frå fransktalande Kamerun, vart frankofoni-aspektet utvida til også å omfatta fransk i Kamerun, ved at denne studenten fekk dette som tema for sitt obligatoriske innlegg. Dei andre studentane gjennomført obligatoriske innlegg som ikkje var knytta til bestemte deler av frankofonien, men meir til syntaktiske, semantisk-pragmatiske og (delvis) etymologiske aspekt ved faste verbaluttrykk.

Vurderingsformer:

Eksamen vert arrangert på slutten av emneseminaret. Eksamen inneheld ei tre vekers skriftleg semesteroppgåve på ca 4000 ord, med obligatorisk rettleiing.

Studentevaluering

Det var felles studentevaluering av FRAN303 og FRAN304. Alle dei fem studentane leverte inn utfylt evalueringsskjema. På spørsmålet ”Hvor fornøyd er du totalt sett med FRAN303/FRAN304?” svara tre meget godt og to godt. Fire av studentane hadde deltatt på alle eller nesten alle forelesingane, éin student på ”noen forelesinger”. På spørsmålet om utbyttet av forelesingane svara fire studentar meget godt og éin student godt. Fire av studentane meinte at undervisning og pensum var veldig relevant i forhold til emnebeskrivelsens læreutbytte. Alle studentane meinte at arbeidet med den obligatoriske oppgåva hadde vore svært lærerikt (Oppgåva var i form av eit 15 minuttars foredrag over oppgitt emne). Alle studentane vurderte sin eigen innsats i dette emnet som bra. Fire hadde jobba med emnet i 6-10 timar i ei vanleg studieveke, éin hadde jobba med emnet i 10-15 timar.

Spørjeskjemaet hadde også to felt der studentane kunne skriva inn kommentarar i ”fritekst”. Éin student etterlyste meir strukturerte powerpointar: ”Det er ikke alle som har sjans til å være på alle forelesningene selv om en vil, og da er det greit å kunne forstå ut fra powerpointen hva de andre har gjennomgått”. Ein annan kommentar: ”Forelesningene ble bare bedre hele tiden (best mot slutten av kurset)”. Ein litt overraskande kommentar: ”Le livre était très bien élaboré, et un bon appui pour le cours, mais j’aurais voulu rencontrer les auteurs pour discuter de quelques aspects”.

Samla vurdering frå emneansvarleg, med eventuelle forslag til endringar:

Det var tydeleg at faste uttrykk var eit emne som engasjerte studentane og som dei fatta meir og meir interesse for i løpet av kurset. Emneansvarleg sit igjen med eit inntrykk av at studentane enda opp med ei god forståing av dei viktigaste problemstillingane innan dette feltet, som inneheld ein god del vanskelege avgrensingsspørsmål. Eit aspekt som vi kunne ha brukt meir tid på er korleis ein kan finna forekomstar av faste uttrykk i elektroniske korpora (t.d. søketeknikk for FRANTEXT), og korleis korpora kan gi eit korrektiv og supplement til leksikografiske opplysningar om faste uttrykk.

Emnerapport for FRAN 304 –
Språkleg særøme, skriftleg
Haust 2014

Studienivå: Master

Undervisningsspråk: Fransk

Mål og innhald

Målet med emnet er ei fordjuping i ei språkleg problemstilling. Den språklege problemstillinga kan vera henta t.d. frå fransk fonologi, syntaks, semantikk, leksikologi, tekstlingvistikk eller sosiolingvistikk. Dette semesteret var det innan leksikologi/fraseologi (faste verbaluttrykk).

Læringsutbyte/resultat

Etter fullført språkleg emne skal studenten ha god innsikt i teoretisk basis og metodiske innfallsvinklar for det feltet som er blitt gjennomgått, og kjennskap til nyare forskning innan dette feltet. Etter fullført litterært emne skal studenten ha god innsikt i problemstillinger knytte til litteratur og litteraturteori som er blitt gjennomgatte, og kjennskap til nyare forskning innan det aktuelle feltet.

Etter fullført emne skal studenten vera i stand til å gje undervisning og drive forskning og anna fagleg utviklingsarbeid som gjeld temaet emnet omhandlar.

Ved fullført emne skal studenten ha overblikk over det temaet som er gjennomgått, slik at han/ho kan representera fagfeltet i tverrfaglege og internasjonale samanhengar.

Studenten skal kunna planleggja og gjennomføra arbeidsoppgåver som strekkjer seg over ei viss tid.

Han/ho skal sjølvstendig kunna halda fram med eiga kompetanseutvikling og spesialisering.

Pensum

Béatrice Lamiroy (coordinatrice) : *Les expressions verbales de la francophonie. Belgique, France, Québec et Suisse*. Ophrys.

Studenttal: Det var fire studentar på dette emnet hausten 2014. Emnet hadde felles undervisning og pensum med FRAN303, som hadde éin student, slik at det var fem studentar i alt som følgde den felles undervisninga.

Undervisning

Det vart gitt forelesingar med éin dobbelttime kvar veke. Hovudkapitla i læreboka (Le figement, La variation géographique, La syntaxe og La Sémantique) vart gjennomgått i same rekkefølge som i boka. Størst vekt vart lagt på syntaks. Etersom éin av studentane var frå fransktalande Kamerun, vart frankofoni-aspektet utvida til også å omfatta fransk i Kamerun, ved at denne studenten fekk dette som tema for sitt obligatoriske innlegg. Dei andre studentane gjennomført obligatoriske innlegg som ikkje var knytta til bestemte deler av frankofonien, men meir til syntaktiske, semantisk-pragmatiske og (delvis) etymologiske aspekt ved faste verbaluttrykk.

Vurderingsformer:

Eksamen vert arrangert på slutten av emneseminaret. Den har form av eit 20 minutt foredrag med ei vekes førebuing. I samband med førebuinga til foredraget er det obligatorisk rettleiing.

Studentevaluering

Det var felles studentevaluering av FRAN303 og FRAN304. Alle dei fem studentane leverte inn utfylt evalueringsskjema. På spørsmålet ”Hvor fornøyd er du totalt sett med FRAN303/FRAN304?” svara tre meget godt og to godt. Fire av studentane hadde deltatt på alle eller nesten alle forelesingane, éin student på ”noen forelesinger”. På spørsmålet om utbyttet av forelesingane svara fire studentar meget godt og éin student godt. Fire av studentane meinte at undervisning og pensum var veldig relevant i forhold til emnebeskrivelsens læreutbytte. Alle studentane meinte at arbeidet med den obligatoriske oppgåva hadde vore svært lærerikt (Oppgåva var i form av eit 15 minuttars foredrag over oppgitt emne). Alle studentane vurderte sin eigen innsats i dette emnet som bra. Fire hadde jobba med emnet i 6-10 timar i ei vanleg studieveke, éin hadde jobba med emnet i 10-15 timar.

Spørjeskjemaet hadde også to felt der studentane kunne skriva inn kommentarar i ”fritekst”. Éin student etterlyste meir strukturerte powerpointar: ”Det er ikke alle som har sjans til å være på alle forelesningene selv om en vil, og da er det greit å kunne forstå ut fra powerpointen hva de andre har gjennomgått”. Ein annan kommentar: ”Forelesningene ble bare bedre hele tiden (best mot slutten av kurset)”. Ein litt overraskande kommentar: ”Le livre était très bien élaboré, et un bon appui pour le cours, mais j’aurais voulu rencontrer les auteurs pour discuter de quelques aspects”.

Samla vurdering frå emneansvarleg, med eventuelle forslag til endringar:

Det var tydeleg at faste uttrykk var eit emne som engasjerte studentane og som dei fatta meir og meir interesse for i løpet av kurset. Emneansvarleg sit igjen med eit inntrykk av

at studentane enda opp med ei god forståing av dei viktigaste problemstillingane innan dette feltet, som inneheld ein god del vanskelege avgrensingsspørsmål. Eit aspekt som vi kunne ha brukt meir tid på er korleis ein kan finna forekomstar av faste uttrykk i elektroniske korpora (t.d. søketeknikk for FRANTEXT), og korleis korpora kan gi eit korrektiv og supplement til leksikografiske opplysningar om faste uttrykk.